



Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Postboks 13

5902 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2692 - 16/35390

Saksbehandlar:

Nora Gjerde

nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:

02.01.2017

## **Samarbeidsavtale mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland**

Vedlagt følgjer vedtak i Kommunestyret – 15.12.2016.

Med helsing

Nora Gjerde

administrasjonssekretær

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Hogne Haugsdal, Jorunn Nøttveit Moen

---

**Post**

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914  
Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
159/16	Formannskapet	PS	08.12.2016
101/16	Kommunestyret	PS	15.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	16/2692

## Samarbeidsavtale mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland

### Vedlegg :

Utkast til Samarbeidsavtale mellom Region Nordhordland og Bergen Reiselivslag

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune godkjenner samarbeidsavtalen mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland med verknad frå 01.01.17
2. Lindås kommune løyver årleg tilskot til samarbeidet på totalt kr 239.403 per år. Midlane blir henta frå næringsfondet.
3. Dagleg leiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS får fullmakt frå Lindås kommune til å underteikne samarbeidsavtalen.

### Formannskapet - 159/16

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

1. Lindås kommune godkjenner samarbeidsavtalen mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland med verknad frå 01.01.17
2. Lindås kommune løyver årleg tilskot til samarbeidet på totalt kr 239.403 per år. Midlane blir henta frå næringsfondet.
3. Dagleg leiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS får fullmakt frå Lindås kommune til å underteikne samarbeidsavtalen.

## **Kommunestyret - 101/16**

### **KO - behandling:**

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KO - vedtak:**

1. Lindås kommune godkjenner samarbeidsavtalen mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland med verknad frå 01.01.17
2. Lindås kommune løyver årleg tilskot til samarbeidet på totalt kr 239.403 per år. Midlane blir henta frå næringsfondet.
3. Dagleg leiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS får fullmakt frå Lindås kommune til å underteikne samarbeidsavtalen.

### **Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Vedlegg:**

- Samarbeidsavtale Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland
- Sak 65/16: Ny reiselivssatsing i Nordhordland  
[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2016022638&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2016022638&)

### **Bakgrunn:**

I sak 65/16 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

1. Lindås kommune støttar forretningsplanen for å styrke reiselivssatsinga i Nordhordland, og at den skal vere grunnlaget for ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland, representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Endeleg samarbeidsavtale skal til godkjenning i kommunestyret.
3. Under føresetnad av at endeleg samarbeidsavtale blir godkjent gir Lindås kommune eit årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, totalt kr 239.403 per år. Midlane blir henta frå næringsfondet.

4. Det må vera ei årleg evaluering av prosjektet fram til 2019.

Denne saka gjeld oppfølging av punkt 2 – 4 i vedtaket frå sak 65/16. Med bakgrunn i forretningsplanen er det utarbeidd ein samarbeidsavtale mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy og Osterøy).

### **1) Forretningsplan som ligg til grunn for samarbeidsavtalen**

Følgjande forretningsplan er lagt til grunn for samarbeidsavtalen med Bergen Reiselivslag (Presentert i sak sak 65/16):

I den vestlige delen av Hordaland har det vore jobba med temaet «Bergen og kysten». Dette resulterte i ein prosess der ei arbeidsgruppe frå Kysteventyret, Nordhordland og Bergen har utvikla ein forretningsplan for ei felles organisering.

**Visjon:** Vi skal skape reiselyst!

### **Målet med ein større region er**

- å gjere oss alle moden for vekst. Både nasjonalt, regionalt og internasjonalt
- å oppnå ein sterkare posisjon i høve til alle regioner
- å oppnå synergjar mellom våre 3 regioner
- å styrke lønsemd, auke antall arbeidsplassar og bidra til større volum av tilreisande i kjøpsterke segment.

### **Strategiar:**

1. Marknadsføring og branding. Region Bergen skal gjerast synleg
2. Styrke kultur- og opplevingsregionen med fokus på kongressar, møter og arrangement
3. Produktutvikling og innovasjon
4. Velkomst og service – styrke vertsskapsfunksjonen.

### **Leveransegaranti:**

- Styrke medlemmane sin konkurransekraft / initiere til ny trafikk / bidra til totalutvikling av reiselivsnæringa
- Rett informasjon til rett tid, på rett stad
- Halde eit høgt aktivitetsnivå / vere tidleg ute på nye marknader / vere i forkant av marknadsutviklinga / ha nærleik til marknaden/ søke stordriftsfordeler.
- Ha eit stort kontaktnett / søke gode alliansar / gjere bruk av verkemiddelapparatet og verksemdar der vi har eigarskap
- Produsere dei «offisielle publikasjonane» digitalt og på trykk med høg kvalitet, riktig informasjon og best distribusjon
- Ha medarbeidarar med erfaring og god kompetanse

### **Verksemd:**

Den nye, felles satsinga vil gjerast med utgangspunkt i den eksisterande strukturen som Bergen Reiselivslag og tilpasse denne dei nye behova. Kommunane vil ha ein avtalefesta samarbeidsmodell og reiselivsverksemdene vil ha eit direkte medlemsskap. Bergen Reiselivslag er i dag ein medlemsorganisasjon der årsmøtet vel styret.

### **Organisering av Destinasjonsselskapet «Region Bergen Reiseliv»:**

Bergen Reiselivslag har i dag 24 årsverk. Det er ein fast administrasjon på 11 medarbeidarar, ein prosjektleiar som jobbar med reiselivssaker for heile Hordaland og 12

årsverk som høyrer til Turistinformasjonen. At Region Nordhordland og Region Vest vert med og dannar nye «Region Bergen Reiseliv» betyr at det er behov for å tilføre 2 årsverk:

- Ein «innanriksminister» som skal arbeide med felles prosjekt innan marknadsføring, sal og profilering – internt i Bergensmarknaden
- Ein «utanriksminister» som skal jobba med produktutvikling med fokus på nettverksbygging, fellesprosjekt, fasilitering, konseptutvikling, initiativtakar og tilretteleggar i regionane.

Det vert oppretta ei nettverksgruppe «Reiseliv» i Kysteventyret og i Region Nordhordland. Regionrådet i Nordhordland gjennom Nordhordland Utviklingsselskap IKS etablerer ein vertskapsfunksjon for dette. Personell frå «Region Bergen Reiseliv» som har oppgåver og roller i Nordhordland bidreg inn i nettverksgruppa med kompetanse og aktivitetar som er skildra i forretningsplanen. Regionen vil ha ein styreplass. Utover dette vil alle medlem i Region Nordhordland bli ein del alle aktivitetane i selskapet og ha tilgang til kompetansen som finst i dei 24 årsverka som allereie er på plass.

## **2) Sentrale element i samarbeidsavtalen:**

### **Bakgrunn for samarbeidsavtalen**

Det har i fleire år vore arbeid nasjonalt og regionalt med å effektivisera og betra reiselivsnæringa ved å utvikla reisemålsorganiseringa. Dette arbeidet har vore støtta og stimulert av Hordaland Fylkeskommune basert på signal frå sentrale reiselivsmynde der ein nettopp ønskjer slike endringar for å styrkja og profesjonalisera reiselivsnæringa regionalt. Bergen Reiselivslag har i samarbeid med Nordhordland Utviklingsselskap og Nordhordland Næringslag utarbeidd framlegg til ein Forretningsmodell for ein ny regional reisemålsorganisasjon med arbeidsnamn "Nye Bergen Reiselivslag". Utgangspunktet har vore at med ein slik organisering kan vi styrke reiselivet i Nordhordland og totalt i heile regionen. Gode Sirklar og Vest Næringsråd har teke del i det same samarbeidet slik at Forretnings-modellen inkluderer ei framtidig organisering av reiselivsnæringa i kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Forretningsmodellen slik han føreligg ved undertekning er grunnlaget for avtalen. Resultatet som ein siktar mot er at "Nye Bergen Reiselivslag" skal vera ein felles ressurs for reiselivsnæringa for kommunane i Nordhordland og kommunane Sund, Fjell og Øygarden, i denne samanheng definert som *Region Bergen*. Dette er basert på at Bergen Reiselivslag sine ressursar vert fusjonert med ressursar som dei to regionane bidrar med i den nye organisasjonen og at dette skaper grunnlag for auka ressursar og bærekraft for reiselivsnæringa i Region Bergen.

Framlegget til Forretningsmodell byggjer på nokre føresetnader som er felles for partane:

- Samarbeidet i " Nye Bergen Reiselivslag" styrkjer reiselivsnæringa i regionen ved at ressursane i den nye organisasjonen går med til å styrkja reiselivsnæringa i *heile regionen eller i Region Bergen*.
- Kommunane i Region Nordhordland – Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy og Osterøy bidreg varig med økonomisk tilskot og med ressursar i etableringsfasen. Jmfr kapittel 6, økonomiske forhold.
- Bergen Reiselivslag må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap og sikre tydelig nærver lokalt.

Formelt er det kvar einskild kommune som vert medlem i Bergen Reiselivslag. For å sikre ein felles strategi frå kommunane vert Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) nytta som eit formelt bindeledd i saker som gjeld alle kommunane med Bergen Reiselivslag. Det er difor viktig at Bergen Reiselivslag har god kontakt med NUI. Alle kommunane kan som medlem delta med ein representant på årsmøte til Bergen Reiselivslag. Den årlege kontingenten vert innbetalt frå NUI til Bergen Reiselivslag. Den totale kontingenten vert fordelt på kommunane

ut i frå ein nøkkel som kommunane vert einige om. Representanten i styret i Bergen Reiselivslag frå Nordhordland vert utpeika i fellesskap av ordførarane i Regionrådet – minus Gulen. Den som vert peika ut til å delta i styret bør ha god kunnskap om reiselivsnæringa i Nordhordland.

### **Målsetting**

Målet med ein større organisatorisk region er å oppnå en sterkare posisjon nasjonalt og internasjonalt. Målet er vidare å gjennomføra tiltak som kan gje større effekt av det vi alt gjer, samt gje regionen auka ressursar i form av økonomi, kapasitet og kompetanse som gjer oss betre i stand til å konkurrera på like vilkår med andre regionar. Den nye organisasjonen, "Nye Bergen Reiselivslag" skal styrkja omdømme, bærekraft og ikkje minst lønsemd for reiselivsbedriftene. Målsettinga er og å etablera eit tydeleg regionalt avtrykk for reiselivsnæringa gjennom eit regionalt og synleg vertskap som dels er basert på ressursar frå "Nye Bergen Reiselivslag", og dels er basert på regionale ressursar.

### **«Nye Bergen Reiselivslag» sine bidrag**

- Bergen Reiselivslag har p.t. 11 årsverk som arbeider med marknadsføring, sal og profilering. Desse ressursane vil arbeida for heile Region Bergen som reiselivsdestinasjon, nasjonalt og internasjonalt.
- Bergen Reiselivslag har p.t. 12 årsverk som arbeider med vertskapsoppgåver og formidling i Turistinformasjonen eller Vertskapscenteret på Fisketorget i Bergen. Desse ressursane vil arbeida for heile Region Bergen samt å bidra til å koordinera den regionale *vertskapsfunksjonen*
- 0.5 årsverk som arbeider med felles prosjekt innan marknadsføring, sal og profilering av reisemål internt i Region Bergen for målgrupper i Region Bergen med spesielt fokus på Bergen. Denne ressursen er kalla "*Innanriksminister*"
- 1 årsverk som arbeider med produktutvikling med fokus på fellesprosjekt, fasilitering, konseptutvikling, initiativtakar og tilrettelegging for utvikling av betre og nye reiselivsprodukt i heile regionen. Denne ressursen er kalla "*Kystminister*", og vil typisk vera tett på aktørar både lokalt og i regionane i Region Bergen, og ha kontordagar etter nærare avtale i lokale som vert stilt til disposisjon lokalt.
- Den regionale *Vertskapsfunksjonen* vert støtta av Nye Bergen Reiselivslag, dels med personell på deltid, dels ved at infrastrukturen i vertskapsfunksjonen vert knytt opp til Turistinformasjonen på Fisketorget i Bergen, og dels økonomisk.
- Bergen Reiselivslag må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og NUI og sikre tydelig nærvær lokalt.

### **Kommunen sitt bidrag**

Kommunane i Region Nordhordland bidrar økonomisk til næringsutvikling, marknadsføring, profilering, produktutvikling og vertskap. Dette vil inkludere bidrag til den lokale vertskapsfunksjonen slik som forretningsmodellen til «Nye Bergen Reiselivslag» legg opp til. Kommunen bidrar med tilrettelegging for etablering og drift av Vertskapsfunksjonen i samarbeid med NUI.

### **Styringsverk**

Kommunane i fellesskap har rett til ein styremedlem med personleg varamedlem til styret i «Nye Bergen Reiselivslag»

### **Økonomiske forhold**

Avtalen gjeld frå 01.01.17 og det økonomiske bidraget frå kommunane i Nordhordland vert rekna ut frå eit fastsett kronebeløp pr. innbyggjar i kommunen, i 2017 kr 18, og justert årleg basert på konsumprisindeksen. Kronebeløpet vert fastsett av årsmøtet i Nye Bergen

Reiselivslag. Større endringer må godkjennast av kommunen. Det økonomiske bidraget vert løyvd ved starten av året. NUI krev inn det totale beløpet frå kommunane ut i frå ein fordelingsnøkkel som dei er samde om. Fullfinansiering frå 2017 for kommunane i Nordhordland er kr 750 000. Nye årsverk som nemnt i punkt 3 er gitt at nok aktørar og kommunar deltar finansielt. For Lindås kommune blir det eit beløp på kr 239.403 per år.

Budsjettet til Region Bergen Reiseliv (år 2016 må evt. vera ein administrativ dialog mellom Region Reiseliv og kommunane).

Inntekstposter	Region Vest		Nordhordland		Bergen		SUM	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
Kommunale tilskot	700	700	400	750	3 000	4 000	4 100	5 450
HFK, fast tilskot	150	200		150	150	200	300	550
HFK, prosjektleiar					800	800	800	800
Fylkeskommunale prosjekt					500	500	500	500
Medlemmer	150	200	175	200	6 600*	6 800*	6 925	7 200
Private bidrag	50	200					50	200
Annonser og kampanjar					18 650	20 000	18 650	20 000
Prosjektinntekter					300	500	300	500
Vertskapsenter					59 000	59 000	59 000	59 000
<b>SUM</b>	<b>1 050</b>	<b>1 300</b>	<b>575</b>	<b>1 100</b>	<b>89 000</b>	<b>91 800</b>	<b>90 625</b>	<b>94 200</b>

Fordeling av kostnader pr. kommune

Total kostnad		750 000		
Fast del pr. kommune	20 000	160 000		
Resten fordelt etter innbyggartal		590 000		

Kommune	Folketal 01.01.2016	Fast del	Etter folketal	Totalt
1252 Modalen	381	20 000	5 356	25 356
1253 Osterøy	7 957	20 000	111 859	131 859
1256 Meland	7 812	20 000	109 821	129 821
1260 Radøy	5 077	20 000	71 372	91 372
1263 Lindås	15 607	20 000	219 403	239 403
1264 Austrheim	2 858	20 000	40 178	60 178
1265 Fedje	576	20 000	8 097	28 097
1266 Masfjorden	1 701	20 000	23 913	43 913
<b>Totalsum</b>	<b>41 969</b>	<b>160 000</b>	<b>590 000</b>	<b>750 000</b>

Sum pr. kommune vert då kr 20 000 i grunnsom pluss kr 14 pr. innbyggjar.

## 7. Tidsramme og oppseiingstid

Avtalen gjeld frå 1 januar 2017 til 31.12.2019, og kan ikkje seiast opp i dette tidsrommet utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Frå 01.01.2020 gjeld avtalen for eitt år om gongen. Oppseiing av avtalen må meldast til avtalepartnaren skriftleg innan 01.10, med kopi til Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Ved samanslåing av dei tre kommunane Lindås, Meland og Radøy til ein kommune frå 01.01.2020, vil den nye kommunen fortsette

som eit medlem i Bergen Reiselivslag med mindre avtalen vert oppsagt.

**Vurdering:**

Som rådmannen la vekt på i sak 65/15 er det positivt at det no blir tatt initiativ til å etablere ein ny organisatorisk struktur som skal jobbe med å utvikle og profilere reiselivsnæringa og regionen, og at denne organisasjonsstruktur er i tråd med nasjonale strategiar for slike reisemålsselskap. Det er også positivt at det nye selskapet tar utgangspunkt i strukturen rundt Bergen Reiselivslag, som har lang erfaring med profilering og produktutvikling - både nasjonalt og internasjonalt.

Etter at Nordhordland reiselivslag blei lagt ned i 2012 har ikkje regionen hatt dedikerte ressursar som har jobba med ei felles og målretta profilering av regionen og reiselivet. Selskapet Nordhordland Næringshage, som Nordhordland Utviklingsselskap IKS er medeigar i, jobbar med produktutvikling og bedriftsutvikling innan kultur og reiseliv, men det har vore lite aktivitet knytt til felles marknadsføring av regionen og reiselivsnæringa

Slik rådmannen vurderer det støttar samarbeidsavtalen opp rundt den forretningsplanen som kommunen støtta i sak 65/16. Satsinga blir bygd opp rundt organisasjonen og apparatet til Bergen Reiselivslag, som skal profilere og marknadsføre heile Region Bergen. I tillegg blir det dedikerte ressursar (Kystminister) som skal jobbe tett på lokale aktørar og ut i regionane med produktutvikling. Det er også bra at det blir lagt opp til kontordagar lokalt.

Skal dette samarbeidet bli ein suksess er det viktig at alle aktørar, kommunar, næringsliv, utviklingsaktørar og Bergen Reiselivslag, med sin kompetanse og sitt nettverk, jobbar tett saman om å få fram gode fellesprosjekt med produktutvikling og marknadsføring. Det er også viktig at Bergen Reiselivslag er tett på dei lokale næringsaktørane og at dei er synleg i regionen. Det er avgjerande at næringsaktørane i regionen bidrar aktivt og at det blir jobba fram gode utviklingsprosjekt.

Samarbeidsavtalen gjeld fram til 31.12.2019 og det er lagt opp til at den ikkje kan seiast opp i dette tidsrommet. Frå 01.01.2020 gjeld avtalen frå eitt år om gangen. Bakgrunnen for at avtalen ikkje kan seiast opp før 2019, er at organisasjonen må bruke tid på å etablere seg og kome i gang med aktuelle prosjekt. Vedtaks punktet om årlege evalueringar fram til 2019 er ikkje lagt inn i samarbeidsavtalen. Nordhordland Utviklingsselskap IKS fortel at dei vil vere tett på prosjektet dei første åra, nettopp for å følgje opp dei intensjonane som ligg i samarbeidsavtalen. Rådmannen foreslår at Lindås kommune får årlege orienteringar om status og framdrift frå Bergen Reiselivslag, på næringsmøta som blir gjennom i formannskapet ein gong i året.

Rådmannen rår til at Lindås kommune godkjenner samarbeidsavtalen. Dagleg leiar for Nordhordland Utviklingsselskap (NUI) får fullmakt til å underteikne avtalen på vegne av kommunane i Nordhordland.

.....



